

Saksbehandlar: Elisabeth Aune, Nærings- og kulturavdelinga

Sak nr.: 15/8964-20

Marine botnkart

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

- 1 Hovudutval for næring og kultur løyver kr 2 624 000 til prosjektet Marie grunnkart del II, med kartlegging av sjøområda i kommunane Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Solund og Gulen samt det arealet i Flora kommune som ikkje vart kartlagt i 2015-2018.
- 2 Midlane vert dekkja med disponible midlar frå Marint Verdiskapingsfond.

Vedlegg:

- 1 Utkast til avtale med NGU
- 2 Utkast til lokal avtale

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

I 2015-18 vart det gjennomført ei kartlegging av sjøbotnen i dei fire nordlegaste kommunane i Sogn og Fjordane; Selje, Vågsøy, Bremanger og deler av Flora. Kartlegginga vart gjennomført av NGU og finansiert av fylkeskommunen, kommunane og oppdrettsnæringa i dette området.

Dette kartleggingsprosjektet har resultert i at vi no har offentleg tilgjengelege marine botnkart, i tillegg til temakart som syner ankringstilhøve og gravbarheit. Alle karta kan lastast ned til egne kartløyningar om ønskjeleg. Brukarar er m.a. fylkeskommunen, kommunar og næringsliv.

Det er no eit sterkt ønske, både frå gjeldande kommunar og fylkeskommunen, om å få gjennomført ei slik kartlegging også for resten av fylket. Målet er å få kartlagt sjøområda i kommunane Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Solund og Gulen samt det arealet i Flora kommune som ikkje vart kartlagt i 2015-2018.

Historikk - tidlegare vedtak

Fylkeskommunen har tidlegare initiert og støtta prosjektet *Marin grunnkartlegging del I* i kommunane Selje, Vågsøy, Bremanger og Flora. Dette prosjektet hadde ei total kostnadsramme på 6 millionar, der NGU bidrog med 50 % finansiering. Resten vart finansiert av fylkeskommunen, kommunane og oppdrettsnæringa i eit spleiselag, der fylkeskommunen gjekk inn med om lag 1,3 millionar. Dette vart vedteke i Fylkesutvalet i sak 75/2014.


Fylkestinget vedtok i sak 27/18 ein Regional strategisk plan for kysten. Planen inneheld fire satsingsområde:

1. Etablere eit kystråd
2. Ta styringa i kampen om sjøareal og strandsone
3. Knyte saman kysten med betre infrastruktur
4. Auke skaparkrafta og evna til nyskaping

Under satsingsområde 2; Ta styring i kampen om sjøareal og strandsone er eit av dei 4 tiltaka å sette i gang arbeidet med marine grunnkart frå Askvoll og sørover, samt fullføre marine grunnkart i Flora. I følgje planen skal fylkeskommunen i løpet av 2018 ta initiativ til dette arbeidet med støtte frå kystrådet og andre aktørar i eit spleiselag.

2. Skildring av prosjektet Marine grunnkart del II

Prosjektet skal gjennomførast av NGU (Norges geologiske undersøkelse), og arbeidet omfattar kartlegging av sjøområda i kommunane for å framstille Marine Grunnkart med temakart. Kartlegginga avgrensast til dei områda der Kartverket har moderne sjømåling innsamla med multistråleekkolodd (sjå figur 1).



Figur 1 Område der Kartverket har moderne sjømåling innsamla med multistråleekkolodd

NGU gjennomfører tokt med videofilming, akustiske undersøkingar og prøvetaking som grunnlag for utarbeiding av karta.

Geologisk kartlegging av sjøbotn og framstilling av Marine Grunnkart til offentleg bruk er ein del av NGU si basisverksemd. NGU har det faglege ansvaret for innhaldet i rapportane og dei marine grunnkarta som skal framstillast, og vil utføre arbeidet etter mal frå tidligare utførte kartleggingsprosjekt. Resultata frå kartleggingsarbeidet vil bli lagra i NGU sine databasar og karta vil bli offentleg publisert på www.ngu.no og www.mareano.no.

Produkta frå kartlegginga vil bli levert til kommunane og fylkeskommunen. Karttema som vert levert skal vere lette å bruke i arealplanlegging og forvaltning av sjøområda, gjennom tilgjengelege og standardiserte kart- og datatenester.

Det er pr. i dag ikkje lov å legge ut karta offentleg med ei høgare oppløysing enn 50x50 meter i følgje regelverket. Men kartgrunnlaget kan gje ei oppløysing på ned mot 1x1 meter, då dei er laga basert på dei best tilgjengelege data frå kartlegginga. Det er mogleg for einskildaktørar å søkje forsvaret om frigiving av høgopløyselige kart over mindre geografiske område ved behov.

Prosjektet vil vare i 4 år frå oppstart i 2019. Prosjektarbeidet vil bli starte så snart naudsynte avtalar er underskrivne.

3. Vurdering og konsekvensar

Marin grunnkartlegging langs kysten av Norge er så langt gjennomført i spredde område, i Troms, Varangerfjord i Finnmark, nokre område i Trøndelag, Saltstraumen, Søre Sunnmøre og i dei 4 nordlegast kommunane i Sogn og Fjordane.

Ei kartegging av resten av Sogn og Fjordane vil gje det største samanhengande kartlagde området i landet.

Kartlegginga i Sogn og Fjordane (del 1) vart ferdig i fjor, og vi har så langt ikkje mange konkrete prosjekt å vise til, men ser vi til Søre Sunnmøre har kartlegginga der initiert ei rekkje ulike prosjekt; Interkommunal planlegging, interkommunal næringsutviklingsplan, kartlegging av gytefelt, utvikling av biomassemodell for stortare, forskning på sil (tobis), og andre.

Nytteverdi av ei marin kartlegging vil kunne vere mangfaldig: For kommunane vil det kunne gje ei meir kunnskapsbasert planlegging i sjøområda. For sjøtrafikken vil det sikre gode og hensiktsmessige ankringsområde, og meir effektiv planlegging av utdjuping av farleier og merking. Betre, og kan hende billigare, planlegging av ulike tiltak i sjø. Det kan være større installasjonar og faste anlegg, men også testoperasjonar, seismikk, testing for operasjonar offshore mm.

Kartlegginga vil vere eit grunnlag for kartlegging av biologisk mangfald og naturtypar, slik at ein kan avgrense og unngå skade på sårbar natur ved tiltak i sjø. Botntypene kan òg seie noko om geologi, og vere grunnlag for mineralutvinning.

4. Prosjektorganisering og finansiering

Prosjektet gjennomførast av NGU, med følgjande tidsplan:

Prosjektet vil vare i 4 år (48 månader) med oppstart så snart finansiering er på plass og nødvendige avtalar er underskrivne.

Arbeidsoppgåve	2019			2020			2021			2022			2023		
Innkjøp djupnedata	x														
Prosessering djupnedata		x													
Oppstartsmøte		x													
Tokt			x		x			x							
Prosessering/tolking				x	x	x	x	x	x	x	x				
Rapportering/publisering										x	x	x			
Avslutningsmøte														x	

NGU rapporterer til fylkeskommunen og prosjektleiar ved milepælar.

Vi organiserer prosjektet i fylket ved prosjektleiar: Elisabeth Aune - Sogn og Fjordane fylkeskommune som har ansvar for vidare kommunikasjon med styringsgruppe og referansegruppe.

Styringsgruppe: Kommunane og næringsaktørar. Referansegruppe: Fiskeridirektoratet, Fylkesmannen, Kystverket, Alden Hamneområde

Økonomi- og budsjett

Finansiering

Kommune	Sjøareal innanfor grunnlinja + 1 nm (km ²)	Kartlagt (km ²)	Prosent kartlagt	Kostnad m/geokjemi ekskl/mva kr 6000/km ²	Finansiert av NGU
Askvoll	675	586	87	3534000	1767000
Fjaler	72	69	96	414000	207000
Hyllestad	126	113	90	678000	339000
Solund	681	568	83	3408000	1704000
Gulen	394	317	80	1902000	915000
Flora (restareal)	350	350	100	2100000	1050000
Sum		2 003		12036000	6018000

Finansieringsplanen har teke utgangspunkt i tidlegare finansieringsmodell, der næringsaktørar dekkar om lag 20% fylkeskommunen 43,6%, restbeløpet på 2 190 552 vert fordelt mellom kommunane i forhold til areal. $2\,190\,552 / \text{totalareal } 2003 = 1094$. Kommunal finansiering= kartlagt areal x 1094.

Partar	Kartlagt (km ²)	Totalkostnad	50% av kostnadane dekkja av NGU	Finansiering
Sogn og Fjordane fylkeskommune 43,6%				2 623 848
Flora	350	2 100 000	1 050 000	382 772
Askvoll	586	3 534 000	1 767 000	640 870
Fjaler	69	414 000	207 000	75 460
Hyllestad	113	678 000	339 000	123 580
Solund	568	3 408 000	1 704 000	621 185
Gulen	317	1 902 000	951 000	346 682
NGU				6 018 000
Næringsaktørane 20%				1 203 600
Sum	2003	12 036 000	6 018 000	12 036 000
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane – Dalsfjorden*	11	66 000		66 000
Totalsum	2014	12 102 000		12 102 000

* Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (Vestland) bidrar med heile beløpet for kartlegging av Marint Verneområde i Dalsfjorden.

Marint verdiskapingsfond Sogn og Fjordane (MVf) vart etablert i 2010 på grunnlag av midlar frå konsesjonstildelinga for laks i 2009, og har hatt årlege utlysingar og tildelingar til ulike prosjekt.

Tabell 1: Oversyn over midlar i Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane

Forbruk	7 531 220
Rest: (diff. Forbruk og fondkapital 11 mill)	3 468 780
Renter lagt til	1 740 013
Til disp i fondet pr. 2017:	5 208 793

Tildeling 2018

Forprosjekt Lukka anlegg i sjø	Lialaks	400 000
Botnkartlegging -" restfylket"		2 624 000
Rest i fondet etter "reserverte midlar"		2 184 793

5. Konklusjon

Fylkesdirektøren for næring og kultur rår hovudutval for næring og kultur til å løyve kr 2 623 848 til kartlegging av sjøområda i kommunane Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Solund og Gulen, samt det arealet i Flora kommune som ikkje vart kartlagt i 2015-2018.

Midlane vert dekkja med disponible midlar frå Marint Verdiskapingsfond der dette beløpet i budsjettet er sett av til botn-kartlegging i resten av fylket.